



Fylkesmannen i Hordaland
pb 7310
5020 BERGEN

FYLKESMANNEN I HORDALAND	
SAKSNR.:	SBH:
ARKIVNR.:	U.OFF. §
MOTTATT DATO:	19 JAN. 2018

Arkivsakid-doknr: 13/374-136
Journalpostid: 18/18


Saksh: Gunnar Elnan
Telefon: 53 67 3652

Arkivkode: K1 - 143
Dato: 02.01.2018

Oversending av kommunedelplan for Sysendalen, Eidfjord kommune

Eidfjord kommune sender med dette vedteken kommunedelplan for Sysendalen for endeleg handsaming, jf plan- og bygningslova §11-16.

Med venleg helsing
Eidfjord kommune


Gunnar Elnan
leiar areal- og miljø

Kopi til kmd, arkiv og kopibok





Kommunal- og moderniseringsdepartementet
pb 8112
0032 OSLO

Arkivsakid-doknr: 13/374-133
Journalpostid: 17/6490

Saksh: Gunnar Elnan
Telefon: 53 67 3652

Arkivkode: K1 - 143
Dato: 02.01.2018

Oversending av plansak for endeleg handsaming

Eidfjord kommune (EK) sender med dette kommunedelplan for Sysendalen til endeleg avgjerd jf. kommunestyrevedtak i sak 17/049.

Fylkesmannen i Hordaland har motsegn til planen på følgjande punkt;

- *For at det ikkje er tatt inn rekkefølgekrav til gang- og sykkelvegen*
- *til at planen er i strid med friluftsliv og naturmangfald, særleg villrein og regional plan for Hardangervidda.*
- *samt at planen ikkje sikrar mot uheldige miljøpåverknader i anleggsfasen.*

EK vil i brevet grunngi sitt syn.

Føremålet med kommunedelplan for Sysendalen

- Tilretteleggja for utvikling av alpin resort i Sysendalen.
- For å sikra areal vedteke som sti og løyper for framtida vert vedteke sti- og løypekart lagd til grunn for arealbruk i kommuneplanen.
- Endring av føremål fritidshus-bustad.

Grunnlaget for oversending

1. Kommunestyret vil med planforslaget m.a. leggje til rette for detaljplanlegging av alpinresort med heilårsaktivitet som vil skapa heilårs arbeidsplassar til regionen. Kommunedelplanen legg til rette for heilskapleg utvikling i Sysendalen. Kommunestyret meiner planens verknad for villreinens arealbruk er marginal, dette vert utgreidd nærare under. Fylkesmannen i Hordaland (FM) har fremja motsegn til planen ut frå omsynet til villreininteressene.
2. FM opprettheld motsegn til at sikringstiltak i form av gang- og sykkelveg skal sikrast gjennom føresegnar som rekkefølgekrav. Kommunen vil gi nærare kommentar til dette punktet i utgreiinga.
3. FM meiner planen ikkje sikrar mot uheldige miljøpåverknader i anleggsfasen.



Saksgangen så langt:

- a. Kommunestyret fatta vedtak om oppstart av planarbeidet 12.05.2014 med planprogram og avgrensing av planområdet.
- b. Fylkesmannen i Hordaland kom med uttale til oppstartsvarselet i brev datert 12.08.2014.
- c. Hordaland Fylkeskommune kom med fråsegn til oppstartsvarselet i brev datert 29.07.2014.
- d. Statens vegvesen gav uttale til oppstartsvarselet i brev 22.07.2014.
- e. Kommunestyret vedtok planprogrammet 15.09.2014.
- f. Regionalt planforum 25.08.2015.
- g. Planforslag vedteke lagt ut til offentlig ettersyn 15.12.2015.
- h. Statens vegvesen, uttale til planforslaget datert 11.02.2016.
- i. Saksutgreiing frå Fylkesrådmann til utval for Kultur, idrett og regional utvikling datert 22.02.2016.
- k. Fylkesmannen i Hordaland, samordna uttale med motsegn, datert 28.04.2016.
Vedlegg 1.
- l. Dialogmøte med Fylkesmannen i Hordaland 08.03.2016.
- m. 18.03.2016 synfaring med medlemmer av utval for Kultur, idrett og regional utvikling.
- n. 01.04.2016 synfaring med representantar for Fylkesmannen i Hordaland.
- o. 15.04.2016 nytt dialogmøte med representantar for utval for Kultur, idrett og regional utvikling i Hordaland fylkeskommune og Fylkesmannen i Hordaland.
- p. Endringar i framlegg til kommunedelplan for Sysendalen som grunnlag for uttale vedteke i planutvalet, datert 22.04.2016.
- q. 24.05.2016 Hordaland fylkeskommune fråsegn til kommunedelplan for Sysendalen.
- r. 30.05.2016 planutvalet si tilråding om godkjenning av kommunedelplan for Sysendalen.
- s. 15.06.2016, Statens vegvesen bed om drøftingsmøte.
- t. 27.06.2016, kommunestyrevedtak av kommunedelplan for Sysendalen.
- u. Fylkesmannen i Hordaland, melding om planvedtak, datert 11.07.2016. Vedlegg 2.
- v. 26.08.2016, Fylkesmannen i Hordaland, motsegn detaljplan. Vedlegg 3.
- w. Fylkesmannen i Hordaland, referat frå møte 22.09.2016.
- x. Fylkesmannen i Hordaland, notat til Eidfjord kommune, datert 11.12.2016.
- y. 02.03.2017, kommunestyrevedtak av kommunedelplan for Sysendalen. Vedlegg 4.
- z. 17.03.2017, SVV sine merknader til føresegner. Vedlegg 5.
- æ. Fylkesmannen i Hordaland, referat frå meklingsmøte 30.08.2017. Vedlegg 6.
- ø. Avgrensa høyring på endring i kommunedelplan for Sysendalen, 16.10.2017.
- å. 01.12.2017, Fylkesmannen i Hordaland, avgrensa høyring. Vedlegg 7.
- aa. Kommunestyret, vedtak av kommunedelplan for Sysendalen, 18.12.2017. Vedlegg 8.

I oppstillinga her er berre teke med offentlege instansar som har hatt merknader/motsegn med tyding for vurdering av planen. Planprosessen har medført fleire planversjonar og endringar det har vore høyrte på, fremja motsegn til og gjort endringar med. Kommunen har difor vald å visa ein detaljert prosess over, men er klar over at det trengst ein lenger forklaring til denne om den fulle forståing av prosessen skal koma fram.

Kommunen meiner det er det siste vedtekne planforslaget FM og departementet skal leggja til grunn for endeleg vedtak.

Kommunen sin kommentar til pkt. 1, Grunnlaget for oversending:

Utval for kultur, idrett og regional utvikling i Hordaland Fylkeskommune gav følgende uttale i sitt vedtak 10.05.2016:

1. *Forslaget om alpindestinasjon «Eidfjord Resort», som er det sentrale føremålet i ny kommunedelplan for Sysendalen, er i konflikt med soner for nasjonalt villreinområde og retningslinjer for reiselivsutbygging i regional plan for Hardangervidda. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ser det likevel som viktig å vise fleksibilitet ift grensene, då det har svært stor betydning for utviklinga i Sysendalen og Eidfjord.*
2. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling viser til brev frå Eidfjord kommune av 22.04.2016 der 400 da aust for Drøllstølbekken er tatt ut, og føresegnene endra. Vidare viser vi til nytt kart av 03.05.2016 der ytterligere 190 da er teke ut sørvest i planområdet. Til saman utgjer dette 590 dekar. Med dei nye opplysningane vil det totale området som er innanfor grensene for villrein vera avgrensa i ein slik grad at planen kan tilrådest.*
3. *Aktivitetane knytt til Amundsen view point vert lagt ned til skilandsbyen, og heisen vert avgrensa til stolheis. Føresegnene må tilpassast denne føresetnaden.*

I sitt siste brevet skriv Fylkesmannen at; *Fylkesmannen held fast ved motsegna til kommunedelplanen.* Me vil gjera merksam på at FM sin motsegn er skildra i brev av 28.04.2016, 11.07.2016, 26.08.2016, 13.06.2017 og 01.12.2017. EK meiner å ha følgd opp FM sine merknader til framstilling av plan, oppfølging av ROS-analysen og vurderingar gjort i KU.

Useinja botnar i FM sitt syn på delar av arealbruk føreslått regulert til idrettsføremål. FM si motsegn er grunngjeve i delar av areal avsett til idrettsføremål aust for Drøllstølbekken er i strid med regional plan for Hardangervidda og omsynet til villreininteressene. Det vert gjort merksam på at regional plan for Hardangervidda ikkje er juridisk bindande. FM har i sine uttaler hatt fokus på at planforslaget er i konflikt med Regional plan for Hardangervidda når det gjeld arealføremål utan sjølv å gi ein sjølvstendig vurdering av verdien av areala for villreinen. Det oppfattast som FM forstår regional plan som presist fastsett grenser for villreinens leveområde. Grensa for villreinens leveområde er fastsett i regional plan for Hardangervidda, ca 450 daa av areal avsett til idrettsføremål aust for Drøllstølbekken ligg innanfor denne grensa. Grensa for leveområdet baserer seg direkte på rapporten til Norsk Villreinsenter Sør (NVS rapport 7/2010) om «Kartlegging av villreinens arealbruk på Hardangervidda». Her definerer NVS blant anna «En ytre grense for villreinens biologiske leveområde» for villreinen på Hardangervidda. Kriterie-settet som vart valt for å definere den ytre grensa var:

1. SatNat-estimat for tregrense
2. Topografiske tilpassingar (grense sett ved >38 graders helling i randområda)
3. Stadfesta (dokumenterte) observasjonar av villrein
4. Areal med tette hyttefelt (> 03 hytter/dekar) vart tekne ut

For den om lag 500km lange områdegrensa er ikkje heile grensa vore gjenstand for detaljert vurdering, - det er heller ei kartteknisk oppteikning basert på dei valde kriteria. I samandraget til rapporten står det då også at: *«I naturen er det sjelden markerte grenser i villreinens bruk av områder. En kan derfor ikke se grensene og figurene i kartet som klare avgrensinger, men de må sees som billedliggjøring av reinens arealbruk».*

Areal for idrettsføremål ligg i tilknytning til eksisterande hytteområde og mellom dette og

fjellet Kistenuten i søraust. Det aktuelle området er i sør og vest avgrensa av eit gjel, Drølstølgila. Området er difor som ei tunge med avgrensa tilkomst som har betydning for villreinens bruk av området.

Villreinen sin bruk av Hardangervidda varierer i tid. Av NVS rapport 7/2010 framgår det at villreinområda nær Sysendalen har relativt avgrensa potensial som sommar- og vinterbeite, men noko meir potensial som kalvingsområde. Konkret om Eidfjord kommune seier rapporten mellom anna;

Kalvingen på Hardangervidda foregikk inntil de siste år i områdene rundt Hårteigen, men år om annet også helt østover og inn i Eidfjord (Smågrananutene) (Skogland 1994).

Kalvingsområdene har i seinere år vært i Vinje kommune. Men både areal i Eidfjord og Ullensvang er potensielt viktige for kalving i fremtiden. Utover dette brukes Eidfjord hovedsakelig av småflokker sommerstid, og under jakta. Som en følge av jevnt over store snomengder er kommunens arealer lite aktuelle som vinterbeite.

Kommunen sin kommentar til pkt. 2, Grunnlaget for oversending:

FM orienterer om si samordningsrolle i brev av 28.04.2016. Statens vegvesen (SVV) sitt grunnlag er ikkje nemnt i konklusjonen i dette brevet. Me oppfattar FM å ha avvist SVV sitt grunnlag for motsegn med bakgrunn i samordningsrolla FM har. I tillegg skriv SVV i brev datert 17.03.17; «Statens vegvesen ber Fylkesmannen i Hordaland ta med vidare i motsegn pkt. 8.3.1 i føresegnene. Ut over dette kan andre varsle motsegn frå Statens vegvesen trekkast attende.» Dette har SVV gjentatt i brev datert 16.06.17. Vidare vert det vist til referat frå dialogmøte mellom SVV og kommunen, 04.05.17. Her skriv SVV under punkt om forholdet til kommunedelplanen; «Fleire forhold kring spørsmål knytt til riksvegen er drofta i tidlegare møte mellom Eidfjord kommune og Statens vegvesen, og partane er no samde om dei fleste punkta i planen (spesielt føresegnene).»

Merknaden til pkt. 8.3.1 i føresegnene har EK teke til følgje etter tilrådd ordlyd frå FM. EK meiner SVV klart har akseptert planen slik den no ligg føre og at det ikkje ligg grunnlag for motsegn som omfattar SVV sitt fagmynde.

Kommunen sin kommentar til pkt. 3, Grunnlaget for oversending:

EK kan ikkje sjå at FM har nemnt «at planen ikkje sikrar mot uheldige miljøpåverknader i anleggsfasen.» i tidlegare uttaler til planen (brev datert 28.04.2016 og 13.06.2017). Planforslaget har spesifikke krav til alle arealføremål og meiner ein ikkje i overordna plan kan styra detaljer i anleggsarbeidet. Det har vore eit poeng for kommunen å fatta seg i korthet samstundes som føresegnene skal vera utfyllande. Reglar for anleggsfasen og gjennomføring av tiltak vil styrast av særlov og krav sett i byggjeløyve.

Oppsummert meiner Eidfjord kommune det er Fylkesmannen sitt punkt om motsegn til at planen er i strid med villreinens arealbruk og regional plan for Hardangervidda, som står att å avgjerda i Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Med venleg helsing
Eidfjord kommune


Anved Johan Tveit
Ordfører

Gunnar Elnan
leiar areal- og miljø

Vedlegg:

- Planomtale, godkjent 18.12.2017
- Plankart; hovudkart, fareområdekart, kart med område for bevaring, alle datert 18.12.2017, rev4. Her er teke inn mindre endring vedteke i kommunestyret 18.12.17.
- Reguleringsføresegner, datert 02.03.2017, rev4, vedteke 18.12.17
- Vedlegg 1-8.

Kopi til:

Hordaland fylkeskommune
arkiv og kopibok